



Universitetet i Bergen (UiB) er eit internasjonalt anerkjent forskingsuniversitet med over 14 000 studentar og vel 3500 tilsette ved seks fakultet. Vi held til midt i hjartet av Bergen og har røter tilbake til grunnleggjinga av Bergens Museum i 1825. Det viktigaste bidraget vårt til samfunnet er framifrå grunnforskning og utdanning med ei stor fagleg breidd.

Stipendiat ved Institutt for sosialantropologi

Ved Institutt for sosialantropologi, Universitetet i Bergen, er det ledig ei stilling som stipendiat for 4 år. 25 % av samla tilsetjingstid er arbeidsplikt som skal utførast ved instituttet og IMER Bergen.

Internasjonal Migrasjon og Etniske Relasjonar (IMER) er eit prioritert satsingsområde ved Det samfunnsvitenskaplege fakultet. Tre ph.d.-kandidatar og ein postdoktor skal rekrutterast til dette forskingsfeltet. Ph.d.-kandidaten i sosialantropologi vil vera del av eit forskingsmiljø ved instituttet, og er også forventa å vera ein del av og bidra til det tverrfaglege nettverket ved IMER Bergen.

Prosjektet

Prosjekta må knytte an til eit av dei to satsings-områda for IMER-forskninga ved Det samfunnsvitenskaplege fakultet.

1. *Politikk og mobilitet*

Å teoretisere og analysere mobilitet er avgjerande for å forstå politikk på lokalt, nasjonalt og globalt nivå. Fokus i dette tematiske området er på politiske rasjonalitetar, styrings- og reguleringsformar, religiøse og sekulære formasjonar, konflikt, motstand og subjektivitetar knytt til den globale aukinga i fysisk/materiell og virtuell transnasjonal/translokal mobilitet.

2. *Migrasjon og sosial ulikskap*

Å teoretisere og analysere internasjonal migrasjon og etniske relasjonar er avgjerande for å forstå (re)produksjon av sosial ulikskap (for eksempel knytt til klasse, kjønn, rase, seksualitet og statsborgarskap) i vår tid. Fokus i dette tematiske området er på korleis internasjonal migrasjon og etniske relasjonar formast av komplekse, historiske ulikskap-strukturar og også skapar nye og utfordrar eksisterande former for sosial ulikskap globalt så vel som lokalt.

Det er også forventa at kandidaten bidrar til instituttets nye strategiske prosjekt «De-naturalizing difference: Challenging the production of global social inequality». Prosjekter som tar sikte på ein teoretisk diskusjon av naturalisering og denaturalisering av forskjell og/eller sosial ulikskap i tilknytning til dei ovafor nemnde tematiske områda vil bli føretrekte.

Kandidatar oppmodas til å konsultere og gjere seg kjende med instituttets forskingsprofil: <http://www.uib.no/antro/en> og med IMER Bergen: <http://org.uib.no/imer>.

Kvalifikasjonar

- Mastergrad i sosialantropologi eller anna relevant disiplin (til dømes migrasjonsstudier eller tilsvarende utanlandsk utdanning). Graden må vera avlagt innan søknadsfristen.
- Minstekravet for søkjarane skal normalt vere B, eller tilsvarende, både på masteroppgåva og for mastergraden som heilhet.
- Du må vere sjølvstendig, ha stor arbeidskapasitet og ha entusiasme for forskning.

Kortfatta prosjektskildring (5-8 sider) skal ligge føre saman med søknaden. Prosjektskildringa skal gjere greie for tema, problemstillingar og val av teori og metode. Skildringa skal innehalde framdriftsplan for dei ulike delane av forskingsarbeidet. Eit budsjett for driftsutgifter må setjast opp. Ved tilsetjing vil prosjektskildringa vere grunnlaget for opptak til forskarutdanninga.

I evalueringa av kandidatane kan instituttet ta strategiske omsyn til tematikk, region og IMER-forskingas overordna profil ved Institutt for sosialantropologi og SV-fakultetet, UiB.

Den som vert tilsett vil bli tatt opp i fakultetet si forskarutdanning. Nærare opplysningar om forskarutdanninga kan ein finna på <http://link.uib.no/?TnwW>. Eventuelle spørsmål om forskarutdanninga kan rettast til seniorkonsulent Gro Helliesen, e-post: gro.helliesen@svfa.uib.no tlf. 55 58 89 80.

Rettleiing for søkjarane til stipendiatstilling kan ein finna på websida <http://www.uib.no/svf/forskning/forskerutdanning-ved-det-samfunnsvitenskapelige-fakultet/opptak-til-forskerutdanningen/stipendiatstillinger-ved-uib> eller ved å vende seg til post@svfa.uib.no.

Vi kan tilby

- o Løn etter lønssteg 50 (Lp1.17.515, st. kode 1017, LR20.8) ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga.
- o Godt fagleg og sosialt miljø med høg kvalitet på forskning og undervisning.
- o Gode nensjons- og forsikringsordningar

o Gode trenings- og velferdstilbud.

Søknad

Søknad med vedlegg skal leggast inn elektronisk via link på denne sida **"Søk på jobben"**. Søknaden skal innehalde prosjektskildring, CV, kopi av vitnemål og attestar, vitskaplege arbeid (inkl. masteroppgåve) samt liste over vitskaplege arbeid.

Søknadsfrist: **31.05.2013**.

Søknaden må merkast: **13/3233**.

Søknader utan prosjektskisse eller søknader som vert sendt på e-post vil ikkje verte vurderte. Berre vedlagte dokument vil bli lagt til grunn for sakkyndig vurdering.

Til informasjon

Nærare opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til Postdoktor, Christine Jacobsen, e-post: christine.jacobsen@sosantr.uib.no, tlf.: 55 58 92 65.

Praktiske spørsmål kring søknadsprosessen kan rettast til seniorkonsulent Bodil Hægland, e-post: bodil.hagland@svfa.uib.no eller tlf.: 55 58 90 53.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk.

Det vil bli gjort frådrag i tilsetjingsperioden for eventuell tidlegare rekrutteringsperiode.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad avspegle mangfaldet i folket. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning og rekruttere personar med nedsett funksjonsevne og innvandrabakgrunn. Personar med nedsett funksjonsevne og innvandrabakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Universitetet i Bergen nyttar prinsippet om meir offentlig innsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Jobbnorge-ID: 93067, Søknadsfrist: Avsluttet